

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 15/8262-7

Desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2014

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:

Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Rapport etter gjennomgang av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2014 vert teken til etterretning

Vedlegg:

- Rapport etter stikkprøvekontroll av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2014

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet legg årleg fram ei sak til fylkestinget om desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala.

Handsaming av saka er basert på ein stikkprøvekontroll av møtebøker og saker som er protokollert med sikte på å få gjennomført kontroll av:

- om vedtaket i den enkelte sak er gjort av eit organ med fullmakt til å gjere slikt vedtak
- om vedtaket er i samsvar med norsk lov, eventuelle andre relevante regelverk
- om vedtaket er i samsvar med budsjettvedtak, formål og om det er innanfor rammene av vedtak i fylkestinget

Det er i år, som i fjor, sekretariatet for kontrollutvalet som har gjennomført stikkprøvekontrollen og skrive rapporten. Vurderingane i samband med kulepunkta er utført av Deloitte slik at kravet til revisjonsfagleg og juridisk kompetanse er stetta. I tillegg er ein også sikra at sekretariatet ikkje gjennomfører revisjonshandlingar med denne framgangsmåten.

2. Vurderingar og konsekvensar

Gjennomførde møte i 2014.

Det var i 2014 gjennomført 60 møte og handsama 408 saker fordelt på fylkesutvalet, planutvalet, finansutvalet fylkesutvalet som klagenemnd og dei forskjellige hovudutvala.

Fylkesutvalet:

29.1 - 26.2 - 2.4 - 14.5 - 23.5 - 27.5 - 4.6 - 10.6 - 18.6 - 18.8 - 22.9 - 23.9 - 24.9 - 13.10 - 5.11 - 26.11 - 8.12, i alt 17 møte.

Tal saker som har vore handsama i perioden: 150, derav 116 saker med endeleg vedtak.

Fylkesutvalet som klagenemnd:

18.6 - 8.12. 2 møte og 5 saker, der alle sakene har endelege vedtak.

Fylkesutvalet som planutval:

26.1, 1 møte og 1 sak.

Fylkesutvalet som finansutval:

29.1 - 2.4 - 18.6 - 24.9 - 5.11, i alt 5 møte og 5 saker.

Hovudutval for opplæring:

12.2 - 25.3 - 27.5 - 17.6 - 23.9 - 29.10 - 25.11, i alt 7 møte

Tal saker som har vore handsama i perioden: 35, derav 20 med endeleg vedtak

Hovudutval for plan og næring:

20.1 - 5.2 - 25.2 - 19.3 - 27.5 - 26.6 - 23.9 - 27.10 - 25.11, i alt 9 møte

Tal saker som har vore handsama i perioden: 86, derav 66 med endeleg vedtak.

Hovudutval for samferdsle:

22.1 - 12.2 - 12.3 - 8.4 - 27.5 - 25.6 - 23.9 - 29.10 - 25.11, 08.12, i alt 10 møte

Tal saker som har vore handsama i perioden: 63, derav 32 med endeleg vedtak

Hovudutval for kultur:

12.2 - 19.3 - 8.4 - 27.5 - 17.6 - 27.8 - 23.9 - 29.10 - 25.11, i alt 9 møte

Tal saker som har vore handsama i perioden: 63, derav 44 med endeleg vedtak.

Bestillinga som vart sendt Deloitte AS:

1. Revisor blir bedt om å gjennomføre vurdering av følgjande 9 saker for å få svar på:

- *om vedtaket i den enkelte sak er gjort av eit organ med fullmakt til å gjere slikt vedtak*
- *om vedtaket er i samsvar med norsk lov, eventuelle andre relevante regelverk*
- *om vedtaket er i samsvar med budsjettvedtak, formål og om det er innanfor rammene av vedtak i fylkestinget*

Saker:

Fylkesutvalet:

- ✓ Prioriteringar for kulturminneforvaltninga 2014, sak 12/14
- ✓ Førde kommune – kommuneplanen sin samfunnsdel 2014 - 2026, sak 48/14
- ✓ Utpeiking av kandidatar til styret i Sogn og Fjordane Holding AS, sak 64/14
- ✓ Omklassifisering/ending av fylkesveg 121 i Vik som følge av utviding av Vik fengsel, sak 121/14

Hovudutval for opplæring:

- ✓ Revidert plan for pedagogisk-psykologisk teneste for vidaregåande opplæring 2014 - 2017, sak 7/14

Hovudutval for plan og næring:

- ✓ Utvida tilskot til Solund kommune, sak 27/14
- ✓ Utviklingsavtale med HAFS 2014 - 2015, sak 62/14

Hovudutval for samferdsle:

- ✓ Kostnader med installasjon av digitalt naudnett (TETRA) og digital radio (DAB) i tunnelar, sak 31/14

Hovudutval for kultur:

- ✓ Lærdal gb.nr. 45/29 – Synneva Eris hus, Husfred, sak 19/14

Rapporten

Deloitte AS konkluderte med at vedtaka i alle sakene var gjort i samsvar med regelverket. Revisjonen har gjort nokre vurderingar i høve til vedtaka i FU-sak 12/14, FU-sak 64/14 og HPN-sak 27/14, men vedtaka i desse sakene var i samsvar med reglementet.

Høyring

Rapporten har vore til høyring hjå fylkesrådmannen, som har to kommentarar til rapporten. Den eine kommentaren gjeld pkt. 2.3 i rapporten. Det er rett som fylkesrådmannen skriv, at det ikkje var knytt kommentarar til utkastet som fylkesrådmannen fekk til høyring.

Den andre kommentaren gjaldt FU-sak 64/14, der fylkesrådmannen meinte at det var irrelevant å trekke inn delegerings- og innstillingsreglementet kap. 4.1, tredje ledd. Deloitte AS har revidert sine vurderingar av vedtaket i FU-sak 64/14 etter at dei fekk sjå fylkesrådmannen sine kommentarar. Konklusjonen om at vedtaket var i samsvar med reglementet er ikkje endra.

Det er den reviderte versjonen av vurderingane frå Deloitte AS som er vedlagt rapporten.

Høyringsuttalen frå fylkesrådmannen er vedlagt rapporten.

3. Konklusjon

Det er ikkje avdekkja avvik i dei sakene som er gjennomgått i møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2014. Alle vedtak er gjort i samsvar med regelverket.